



Frank Rune Dale
Sagstadvegen 67
5919 FREKHAUG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 19/1389 - 19/15887

Saksbehandlar:
Anngunn Marie Gullbrå
Anngunn.Gullbra@meland.kommune.no

Dato:
24.05.2019

Godkjenning seksjonering - gbnr 138/21 Tveiten øvre

Administrativt vedtak. Saknr: 305/19

Saksutgreiing:

Kommunen har motteke søknad om seksjonering av eigedommen gbnr 138/21 i Lindås.

På eigedommen er det gitt igangsettingsløyver til bygging av 3 større bustadbygg, med til saman 36 bustadseksjonar.

Bygg A går over 4 plan og inneheld snr 1- 21, bygg B går over 5 plan og inneheld snr 22-27 og bygg C går over 3 plan der første plan inneheld garasjer og inneheld elles snr 28-36. Det er 1 planteikning for kvart av dei 12 etasjeplana.

Eigedommen har fått tildelt adressene Kyrkjevegen 26, 28 og 30. Det er i tillegg tildelt bokstav-adresser under kvart husnummer til bueiningane. Alle bueiningane har eiga ytre inngangsdør med eiga adresse, bortsett frå inngang C2, der 3 bueiningar har husnummer 26B.

Det er utarbeidd og lagt ved vedtekter for Alver Brygge boligsameie.

WebOppgjør AS har tinglyst urådighet på eigedommen og har sendt inn samtykke til seksjonering.

Vurdering:

Søknad om seksjonering er innsendt i 3 eksemplar og har fylgjande vedlegg:

- Situasjonsskart som viser eigedomsgrenser, plassering av bygg og tilkomstveg og oversikt over plassering av seksjonane fordelt på bygg A, B og C.



- Planteikningar av dei 3 bustadbygga inkludert garasjelegg der seksjonsnummera og type rom er tydeleg påskrive. Planteikningane utgjer til saman 12 vedlegg.
- Vedtekter for Alver Brygge boligsameie, som oppfyller minstekravet til slike vedtekter.
- Samtykke til seksjonering frå WebOppgjør AS v/ daglig leder m/ signatur-rett.
- Søknaden er signert av 2 styremedlemmar, som saman har signaturrett.

Etter gjennomgang av søknad med vedlegg, finn ein at søknaden stettar vilkåra i Lov om eigarseksjonar §7.

Vedtak:

Lindås kommune godkjenner, i medhald av §13 i Lov om eigarseksjonar av 16.juni 2017 nr.65, søknad om oppdeling i 36 eigarseksjonar for Alver Brygge boligsameie, gbnr 138/21 på grunnlag av søknad med vedlegga situasjonskart, planteikningar og vedtekter.

Seksjonane 1-36 er bustadseksjonar med sameigebrøkar frå 50/3463 til 161/3463. Dei ulike seksjonane er klart avgrensa i høve til kvarandre. Seksjonane har tilleggsdelar i bygning som bod, terrasser og garasje plass utanfor hovuddelen. Tilleggsdelar har tilkomst frå fellesareal eller hovuddel.

Det er avsatt tal parkeringplassar som er i tråd med byggeløyyvet.

Seksjoneringa av eigedommen gbnr 138/21 er godkjent og ført i matrikkelen. Seksjoneringa vert sendt til tinglysing når klagefristen på 3 veker er ute, jmf Eigarseksjonslova §§ 16 og 17.

Klage:

Saka er behandla og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf Kommuneloven §23 nr. 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Føreliggjande vedtak er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunnjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig, eller krav om erstatning, må høvet til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl, §27b.

Gebyr:

Det er fastsatt gebyr i medhald av § 15 i Lov om eigarseksjonar. Etter Lindås kommune sitt gebyrregulativ for handsaming etter Lov om eigarseksjonar pkt 14.1.3 er gebyret for 36 seksjonar kr 31.100,- + tinglysingsgebyr kr 525,-

Med helsing

Tommy Veland
avdelingsleiar

Anngunn Marie Gullbrå
Avdelingsingeniør

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Adrian Moen Hjartnes

Mottakarar:

Frank Rune Dale

Sagstadvegen 67 5919

FREKHAUG